




Midt-Telemark **kommune**

GEBYRREGULATIV 2021

MIDT-TELEMARK KOMMUNE



Plan, bygg og oppmåling Vatn, avløp og renovasjon

Gebyr vedteke av kommunestyret sak 176/20, 07.12.2020, med heimel i:

- Kapittel 33 i Plan og bygningsloven av 27. juni 2008
- § 32 i Lov 2005-06-17 nr 101: Lov om eigedomsregistrering (matrikkelloven) og lokal forskrift 15.01.2010.
- § 15 i lov 2018-06-22-74, Lov om eigarseksjonar.
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker - og delesaker m.v. av 29. desember 1993.Forskrift til forvaltningsloven § 27a.
- Forskrift for vass- og kloakkavgifter for Bø kommune av 08.02.2010, revidert 01.01.2013.
- § 52 a i lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13 mars nr.6,1981 sist endret 21.06.2019

Gjeldande frå 01.01.2021
Regulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ.

INNHALD

1. GENERELLE REGLAR	4
1.1 Betalingsplikt	4
1.2 Kva for regulativ skal nyttast	4
1.3 Betalingstidspunkt	4
1.4 Urimelege gebyr	5
1.5 Fritak for gebyr	5
1.6 Klage	5
1.7 Avbrote arbeid	5
1.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane	5
1.9 Gebyr til statlege etatar	5
2 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID	6
3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN-OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)	6
3.1 Plansaker (§ 12)	6
3.1.1 Førehandsuttale	6
3.1.2 Oppstartsmøte	6
3.1.3 Behandling av reguleringsplanar	6
3.1.4 Planprogram og konsekvensutgreiing (§§ 4-1,4,2 og 12-9)	7
3.1.5 Søknad om planendring (§ 12-14)	7
3.1.6 Tilrettelegging av digitalt plankart	7
3.2 Bygge- og delingsaker	8
3.2.1 Søknadspliktige tiltak – ansvarsbelagte	8
Einebustader med og utan hybel	8
Fritidsbustad	8
3.2.2 Søknadspliktige tiltak som kan utførast a tiltakshavar	10
3.2.3 Mindre endring av godkjente søknadar	10
3.2.4 For avslag på søknad /melding betalast 75 % av satsane i ovannemnde punkt	10
3.2.5 Overtredelsesgebyr	10
3.2.6 Deling av eigedom eller bortfeste av eining i meir enn 10 år	10
3.2.7 For behandling av søknad om dispensasjon frå gjeldande planar for tiltak etter § 20-1 fyrste ledd, unntatteke bokstav m og etter § 20-4	10
4 GEBYR ETTER MATRIKELLOVA	11
4.1 Oppretting av matrikkeleining	11
4.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund	11
4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	11
4.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon	11
4.1.4 Oppretting av anleggseigedom	12
4.1.5 Registrering av jordsameige	12
4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	12
4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering	12
4.3 Grensejustering	12
4.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige	12
4.3.2 Anleggseigedom	13
4.4 Arealoverføring	13
4.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige	13
4.4.2 Anleggseigedom	13
4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning	13
4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av retter	13
4.7 Privat grenseavtale	13
4.8 Kopiere og sende ut matrikkelbrev	14
5 GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)	14
5.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom	14
Tvangsmulkt etter seksjoneringslovas §22 blir berekna etter gebyret for seksjonering	14
5.2 Oppmåling av uteareal som del av ein seksjon	14
5.3 Ny behandling av avslagen søknad	14

6	FORSKRIFT OM GEBYR FOR BHANDLING AV KONSESJONSSAKER m.v. av 29. desember 1993	14
7	GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLØPSANLEGG (§ 52 a).....	15
7.1	Søknadssaker	15
8	ÅRLEGE AVGIFTER 2021 FOR VATN, KLOAKK, SLAMTØMING, RENOVASJON OG FEIING, MVA KJEM I TILLEGG.	16
8.1	Avgift vatn.....	16
8.2	Avgift kloakk.....	16
8.3	Avgift slamtømming	16
8.4	Avgift renovasjon.....	17
8.5	Avgift feiing og tilsyn.....	17
9	TILKOPLINGSAVGIFT VATN OG KLOAKK.....	17
9.1	Tilkopling for vatn.....	17
9.2	Tilkopling for kloakk.....	17
9.3	Tilkopling hytter	17

1. GENERELLE REGLAR

1.1 *Betalingsplikt*

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslegen.

Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg for mykje betalt gebyr.

Byggesaker:

For godkjent § 20-søknad etter plan- og bygningsloven, som ikkje blir realisert, kan den som har betalt gebyret, krevje å få tilbakebetalt 25% av gebyret. Dersom eit avslag medfører ein revidert søknad innan 3 månader og denne blir godkjent, skal 50% av først innbetalt søknadsgebyr/basisgebyr gå til frådrag i nytt gebyr

Der det blir meldt inn at tiltaket er avsluttet/ikkje blir noe av, skal kommunen uoppfordra betale tilbake 25% av gebyret . Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Plansaker:

For plansaker etter PBL §12 sjå pkt. 3.1

Oppmålingssaker:

Gjer rekvirenten under sakas gang forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, blir likevel gebyret halde ved lag.

Der kommunen innhentar kopi av grunnboka eller panteboka i samband med oppmålingsforretningar, blir rekvirenten belasta for kostnadene, jamfør Statens kartverk sine takstar.

1.2 *Kva for regulativ skal nyttast*

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok mot ei tilfredsstillande melding, søknad, eller rekvisisjon. Mottatt komplett planforslag som er klar for 1.gangs behandling.

1.3 *Betalingstidspunkt*

Før kommunen skriv ut bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt.

Likeins skal kartforretningsgebyr og aktuelle tinglysingsgebyr og dokumentavgift vera betalt før utsett oppmålingsforretning, matrikkelbrev m.v blir sendt til tinglysing.

For søknader kan kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før saksbehandlinga tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gjeve overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betale attende for mykje betalt gebyr.

Plansaker:

Fakturering av gebyr for oppstartsmøte for reguleringsplan er etter signering av referat frå oppstartsmøte.

Fakturering av plangebyr skjer etter 1. gongs behandling av planforslag.

Også for anna arbeid kan kommunen krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje forlenga betalingsfrist.

1.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan kommunaldirektør eller den som er gjeven fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr etter grunngjeven søknad frå tiltakshavar/rekvirent.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

1.5 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter grunngjeven søknad heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

1.6 Klage

Avslag på søknad om heilt eller delvis fritak for betaling av gebyr kan påklagast. Klage må vere skriftleg og sendast til Midt-Telemark kommune.

Fylkesmannen er klageinstans for forvaltningsvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova.

Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter matrikkel- og seksjoneringslova.

1.7 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra.

1.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

1.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

2 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jf. regulativet, skal ein bruke følgjande timesatsar:

Beskrivelse	Beløp
Kontorarbeid	920,-
Oppmålingsarbeid	1 180,-

3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN-OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)

3.1 Plansaker (§ 12)

3.1.1 Førehandsuttale

Beskrivelse	Beløp
Førehandsuttale/prinsippøknad som leggst fram for det faste planutvalet	14 275,-

3.1.2 Oppstartsmøte

Beskrivelse	Beløp
Gebyr for oppstartsmøte	9 245,-

Gebyret trekkast frå ved utrekning av arealgebyr for behandling av planforslag

3.1.3 Behandling av reguleringsplanar

a. Behandlingsgebyr

Beskrivelse	Beløp
Fast gebyr for å ta planforslag til behandling	33 790,-

b. Tillegg for kompleksitet

Beskrivelse	Beløp
Enkel plan	0
Normal plan	20 540,-
Innfløkt plan	46 215,-

Kompleksiteten i planen vert vurdert i forhold til:

- Godt tilrettelagt planforslag – Lite bearbeidd planforslag
- I samsvar med overordna plan – Ikkje i samsvar med overordna plan
- Enkle grunneigarforhold – Mange partar berørt
- Interessesetningar avklart – Behov for mange avklaringar i saksbehandlinga
- Lite/ingen konflikhtar – Stor kompleksitet

Plassering av planen i kategori fastsettast av kommunen i kvar enkelt sak.

c. Arealtillegg

Beskrivelse	Beløp
Pr. 100 m ² planareal <30 000 m ² Ved % BRA>100% eller BYA >50% reknast gebyret ut pr. 100m ² BRA (BRA0bruksareal, BYA=bebygd areal jf NS 3940)	236,-
+ pr. 100 m ² frå planareal 30 000-60 000m ²	128,-
+ pr. 100 m ² frå planareal 60 000m ² – 100 000m ²	62,-
+ pr. 100 m ² planareal over 100 000m ²	21,-

Det totale arealtillegget er summen av arealtillegga for dei ulike arealintervalla i tabellen over.

(Til dømes vil eit planareal på 72 000 m² få følgjande arealtillegg: kr 69 000 (30 000 x 236) + 38 400 (30 000 x 128) + 7440 (12 000 x 62) = kr 114 840.)

Følgjande formål blir ikkje gebyrbelagt:

- eksisterande bygg, inkl. idrettsanlegg som er offentleg tilgjengeleg og grav- og urnelundar, i område for bygg og anlegg når det ikkje leggast til rette for høgare utnytting
- offentleg vegareal
- grønstruktur
- LNF
- Omsynssoner når areal innanfor sona ikkje kan brukast på rekningsssvarande måte

3.1.4 Planprogram og konsekvensutgreiing (§§ 4-1,4,2 og 12-9)

Beskrivelse	Beløp
Behandling av planprogram	10 270,-
Behandling av konsekvensutgreiing	Minstegebyr 24 225,-

Dersom kommunen må leige inn sakkunnig hjelp for å kvalitetssikre konsekvensutgreingar, skal det bereknast gebyr etter medgått tid.

3.1.5 Søknad om planendring (§ 12-14)

Beskrivelse	Beløp
Mindre endring av reguleringsplan	10 425,-
Små endringar som behandlast administrativt	3 390,-

Der berre reguleringsføresegnene endrast vert beløpet halvert.
Større endringar av planar skal i hovudsak behandlast som ny plan.

3.1.6 Tilrettelegging av digitalt plankart

I samsvar med PBL §2-1 og Kart- og planforskrifta §7 krev kommunen at planforslaget vert levert på digital form.

For mindre endringar av reguleringsplan, kan kommunen ved avtale gjere unntak frå krav om leveranse av plankart i digital form. Føresetnaden er at forslagsstiller betalar kommunen for å utføre dette arbeidet etter medgått tid, jf. pkt 2.

3.2 Bygge- og delingsaker

Byggesaksgebyr: Søknadskontroll + ferdigkontroll + tilsyn..
Bruksareal: Som fastlagt i Matrikkel (GAB), jf. NS 3940.

Kommunen kan engasjere uavhengig kontroll av statiske utrekningar, lydforhald, grunnforhold m.m. samt nødvendig bruk av anna sakkunnig bistand etter § 24-1, fyrste ledd, bokstav b. For slik kontroll/bistand kan det krevjast dekning for medgåtte utgifter.

3.2.1 Søknadspliktige tiltak – ansvarsbelagte

For to-trinns søknadsbehandling (rammesøknad og søknad om igangsetting) betalast eit tillegg på 25 % av satsane for 1-trinnsbehandling.

Dette gjeld for alle søknadspliktige tiltak etter § 20-1, § 20-3 og § 20-4

Einebustader med og utan hybel

Beskrivelse	Beløp
For saksbehandling/kontroll etter § 20-1, a) § 20-3	16 640,-
Tillegg pr. hybelleilegheit inntil 2 hyblar i einebustad	3 800,-

Rekkehus, kjedehus, tomannsbustadar og andre bustadtypar inntil to etasjar og med kjellar

For saksbehandling/kontroll etter § 20-1, a), § 20-3.

Der bygningen har fleire bueiningar som tilfredsstillar krava for å kunne bli registrera som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det betalast følgjande tillegg per eining:

Beskrivelse	Beløp
Bueining nr. 2 til og med nr. 5: 50 % av satsane	8 320,-
Frå og med bueining nr. 6: 20 % av satsane	3 290,-

For bueining som ikkje tilfredsstillar dei fysiske krava for å kunne bli registrera som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det per eining betalast eit tillegg på 20 % av satsane for einebustad.

Fritidsbustad

Beskrivelse	Beløp
For saksbehandling/kontroll etter jf. § 20-1, fyrste ledd bokstav a. og § 20-3	18 380,-
For fleire einingar betalast tillegg som for 3.3.1.1 og 3.3.1.2	

Nybygg, tilbygg, underbygging, påbygg og hovudombygging på bustad og fritidseigedom som ikkje kan behandlast etter PBL § 20-1. a)

For saksbehandling/kontroll etter § 20-1 fyrste ledd bokstav a og § 20-4 og alle kategoriar nybygg som ikkje går inn under pkt 3.3.1 og 3.3.2.

Tabell 1 Eitt-trinns søknadsbehandling

Tiltaketsbruksareal BRA (m2)	Fast beløp	Variabelt tillegg pr. m ²
0-50 m2	4 470,-	+ 92,- pr m ² over 0 m ²
51-100 m2	9 350,-	+ 130,- pr m ² over 50 m ²
101-200 m2	14 690,-	+ 87,- pr m ² over 100 m ²
201-400 m2	23 420,-	+ 51,- pr m ² over 200 m ²
401-600 m2	33 530,-	+ 41,- pr m ² over 400 m ²
Over 600 m2	41 900,-	+ 21,- pr m ² over 600 m ²

Landbruksbygg over 1000 m2 BRA

Beskrivelse	Beløp
For behandling av tiltak landbruksbygg <u>med husdyrrom</u> , betalast gebyr med 25 % av taksten i tabell 1. For behandling av landbruksbygg <u>utan husdyrrom</u> betalast gebyr med 25 % av taksten i tabellen	Sjå tabell 1

Lagerbygg

Beskrivelse	Beløp
Likeins betalast gebyr med 50 % av taksten for behandling av tiltak med enkel innreiing, f.eks. reine lagerbygg som er søknadspliktige tiltak og ikkje går under 3.3.2	Sjå tabell 1

Bruksendring

For saksbehandling/kontroll etter delar av § 20-1, første ledd bokstav a **og d**.

Beskrivelse	Beløp
For søknadspliktige endringar av eksisterande bygg og ominnreiingar	Sjå tabell 1
Bruksendring utan endring av bygning. Sjå PBL. § 20-1 bokstav d og SAK § 2-1	2 980,-

For saksbehandling/kontroll etter delar av § 20-1, første ledd bokstav a.

Beskrivelse	Beløp
Tiltak (f.eks. antennemaster, mindre idrettsanlegg, fylling, mindre dammar, forstøttingsmur, ledningsanlegg, symjebasseng) (For særleg enkle tiltak halverast gebyret)	6 200,-

Fasadeendring, riving, bygningstekniske installasjonar, skilt, innhegning mot veg, vesentleg terrenginngrep, veg/parkeringsplass/ landingsplass, midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg (separat avløpsanlegg i regulativets 7.1) med meir

For saksbehandling/kontroll etter § 20-1, første ledd bokstav b, c, e, f, h, i, j, k og l.

Beskrivelse	Beløp
Tiltak som ikkje kan målast etter bruksareal	6 200,-
For særleg enkle tiltak blir gebyret halvert	3 100,-
Større tiltak (f.eks. større ledningsanlegg, bruer, feltutbyggingar m.m.)	1 440,-

3.2.2 Søknadspliktige tiltak som kan utførast a tiltakshavar

For saksbehandling/kontroll etter § 20-4.

Beskrivelse	Beløp
a) Mindre tiltak på bebygd eigedom. Sjå SAK § 3-1 bokstav a til c. Tilbygg til eks. bygg og garasje/uthus og liknande. Tillegg for bruksareal over 50 m^2 kr. 90,- pr. m^2	6 200,-
b) Alminnelige driftsbygningar i landbruket 25% av takstene	Sjå tabell 1
c) Midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg som nemnt i § 20-1 bokstav j, men som ikkje skal plasserast for lenger tidsrom enn 2 år	6 200,-
d) Andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan utførast av tiltakshavar bl.a. tiltak etter SAK § 3-1 bokstav d	2 250,-

3.2.3 Mindre endring av godkjente søknadar

Beskrivelse	Beløp
Mindre endring av godkjente søknadar	2 600,-

3.2.4 For avslag på søknad /melding betalast 75 % av satsane i ovannemnde punkt

Beskrivelse	Beløp
Avslag på søknad /melding betalast 75 % av satsane i ovannemnde punkt	Se ovannemnde pkt

3.2.5 Overtredelsesgebyr

Beskrivelse	Beløp
For tiltak som er i strid med plan- og bygningslova kap 32 Ulovlegheitsoppfølging, betalast eit gebyr etter SAK § 16	Maksgebyr: Inntil 400 000,-

3.2.6 Deling av eigedom eller bortfeste av eining i meir enn 10 år

For saksbehandling/kontroll etter § 20-1, fyrste leddbokstav m og dispensasjonar frå areal i gjeldande plan.

Beskrivelse	Beløp
I samsvar med gjeldande plan	3 600,-
Andre grenser enn fastsett i gjeldane plan (der desse ikkje er fastlagde)	7 000,-
I strid med gjeldande plan (dispensasjon etter kap 19 i PBL)	10 800,-
I samsvar med kommuneplanens arealdel	3 600,-
I strid med kommuneplanens arealdel (dispensasjon etter kap 19 i PBL)	10 800,-
Frådeling av eksisterande bebygd festetomt	3 600,-

3.2.7 For behandling av søknad om dispensasjon frå gjeldande planar for tiltak etter § 20-1 fyrste ledd, unnateke bokstav m og etter § 20-4

Beskrivelse	Beløp
Administrativ behandling av dispensasjonen	5 150,-
Politisk behandling av dispensasjonen	10 800,-
For særleg enkle dispensasjonssaker, som blir behandla administrativt, blir gebyret halvera	3 100,-

4 GEBYR ETTER MATRIKKELLOVA

Gebyr for arbeid etter Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova § 32, forskriftene § 16) blir fastsett som følgjer:

4.1 Oppretting av matrikkeleining

4.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

Beskrivelse	Beløp
Areal frå 0 – 500 m ²	17 300,-
Areal frå 501 – 2000 m ²	21 600,-
Areal frå 2001 m ² – 5000 m ² - auking pr. påbegynt da.	1 730,-
Areal frå 5001 m ² - auking pr. påbegynt da.	740,-
Punktfeste med merking i marka	10 300,-

Der vi har koordinatfesta grenser og markarbeid ikkje er påkravd, betalast halvt gebyr.

Beskrivelse	Beløp
3-5 tomter som blir rekvirera samtidig i bustad/hyttefelt	5 % rabatt pr. stk
6-15 tomter som blir rekvirera samtidig i bustad/hyttefelt	10 % rabatt pr. stk
16-25 tomter som blir rekvirera samtidig i bustad/hyttefelt	15 % rabatt pr. stk
Over 25 tomter som blir rekvirera samtidig i bustad/hyttefelt	20 % rabatt pr. stk
Landbruksareal over 30 da. får 50 % fråtrekk av full pris. Minstepris	22 700,-
Landbruksareal over 30 da. får 50 % fråtrekk av full pris. Makspris	51 350,-
Næringsstomter og andre store tomter over 30 da får 20% fråtrekk av full pris. Minstepris	36 300,-
Næringsstomter og andre store tomter over 30 da får 20% fråtrekk av full pris. Makspris.	77 000,-

Ved frådeling av tomt til bustadfelt reknast gebyr for heile arealet med fråtrekk for tomtene, vegane, etc. som ligg i feltet.

Punktfeste utan merking i marka betales halvt gebyr.

4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Gebyr pr. sak som i pkt. 4.1.1.

Umatrikulert grunneiendom og festegrund er eksisterende enheter som av forskjellige grunner ikkje er registrert som en egen matrikkelenhet (med eget g/blr) i matrikkelen.

4.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon

Beskrivelse	Beløp
Areal frå 0 – 50 m ²	9 500,-
Areal frå 51 – 250 m ²	12 100,-
Areal frå 251 – 500 m ²	13 000,-
Areal frå 501 – 2000 m ²	14 300,-
Areal frå 2001 m ² – aukning pr. påbegynt da.	1 750,-

Der søker legger fram koordinatfesta grensepunkt og markarbeid ikkje er påkrevd, betales halvt gebyr.

4.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.

Beskrivelse	Beløp
Volum frå 0 – 2000 m ³	21 600,-
Volum frå 2001 m ³ – aukning pr. påbegynt 1000m ³	1 750,-

4.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande uregistret jordsameige eller endring i registrert sameigefordeling blir fakturert etter medgått tid. Sjå pkt. 2.

4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Viser til 4.1.1, 4.1.2, 4.1.4 og 4.1.5.

Beskrivelse	Beløp
I tillegg kjem gebyr for å utføre oppmålingsforretning	3 450,-

4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, settast til 1/3 av gebyrsatsane etter 4.1 og 4.2.

4.3 Grensejustering

4.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av minste eigedom sitt areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.

Ved makebytte (dvs. at to eigedomar byttar areal) skal det totale areal ligge som grunnlag for gebyr.

Beskrivelse	Beløp
Areal 0 - 250 m ²	9 550,-
Areal 251 – 500 m ²	10 400,-

Der areal kjem frå fleire eigedomar skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell etter ovannemnde tabell.

4.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa settast til 1000 m³.

Beskrivelse	Beløp
Volum frå 0 – 250 m ³	8 650,-
Volum frå 251 – 1000 m ³	10 400,-

4.4 Arealoverføring

4.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

Gebyr pr. sak som i pkt. 4.1.1.

4.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Beskrivelse	Beløp
Volum frå 0 – 250 m ³	17 300,-
Volum frå 251 – 500 m ³	21 600,-
Volumoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ³ gir ei auking av gebyret på	1 750,-

4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

Beskrivelse	Beløp
For inntil 2 punkt	5 200,-
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	870,-

4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt / eller klarlegging av retter

Beskrivelse	Beløp
For inntil 2 punkt	10 400,-
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	1 200,-

Gebyr for klarlegging av retter fakturerast etter medgått tid.

4.7 Privat grenseavtale

Beskrivelse	Beløp
For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	4 320,-
For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	870,-

Billigaste alternativ for rekviert blir valt. Alternativt kan gebyr fastsettast etter medgått tid.

4.8 Kopiere og sende ut matrikkelbrev

Beskrivelse	Beløp
Matrikkelbrev inntil 10 sider	290,-
Matrikkelbrev over 10 sider	590,-

Endring i maksimalsatsane blir regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

5 GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

5.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

Beskrivelse	Beløp
Opptil 4 seksjonar	8 240,-
5-10 seksjonar	9 610,-
11-20 seksjonar	10 980,-
11-20 seksjonar	12 350,-
Over 20 seksjonar	12 350,-
Befaring	2 670,-

Tvangsmulkt etter seksjoneringslovas §22 blir berekna etter gebyret for seksjonering.

Mulkt fastsettast som halve gebyret som eingongssum og halve gebyret fordelt på 30 dagar pr.dag inntil forholdet er rettet.

5.2 Oppmåling av uteareal som del av ein seksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter 5.1, betalast gebyr etter reglane i pkt. 4.1.3.

5.3 Ny behandling av avslegen søknad

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag (kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

6 FORSKRIFT OM GEBYR FOR BHANDLING AV KONSESJONSSAKER m.v. av 29. desember 1993

Kommunen skal krevja gebyr **etter reglane i forskrifta** for følgjande saker:

- a) Søknader om konsesjon (erhvervsløyve) etter
 1. lov av 3. juli 1914 nr. 5 om erverv av kalksteinsførekomst,
 2. lov av 17. juni 1949 nr. 3 om erverv av kvartsførekomst,

3. lov av 31. mai 1974 nr 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova).
- b) Søknader om delingssamtykke etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 25 § 12.
Kr. 2000,-.

7 GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLØPSANLEGG (§ 52 a)

7.1 Søknadssaker

Det skal betalast gebyr pr. utslepp etter fyljande satsar:

Beskrivelse	Beløp
Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE	3 500,-
Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE	8 750,-
Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 1000 PE	13 900,-

Der ein søknad gjeld fleire avløp av same storleik på same eiendom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr pr. avløp frå og med nr. 2. Der ein søknad gjeld fleire avløp av ulik storleik på same eiendom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avløpet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen pr. avløp som kjem i tillegg.

8 ÅRLEGE AVGIFTER 2021 FOR VATN, KLOAKK, SLAMTØMING, RENOVASJON OG FEIING, MVA KJEM I TILLEGG.

8.1 Avgift vatn

Gjeld for bustad- og fritidshus

(sjå eigen tabell under 8.2 for næring- og kombinasjonseigedom)

Beskrivelse	Beløp
Fast abonnementsgebyr (fastledd)	1 452,-
Vatn etter målar	13,80,- pr. m3
Vatn etter stipulert forbruk ut frå eigedomens bruksareal (BRA x 1,2 = m3)	13,80,- pr. m3
Vassmålarleie 3/4"	200,-
Vassmålarleie 1"	250,-
Vassmålarleie 1 ½"	300,-
Vassmålarleie 2"	500,-
Gebyr ikkje avlest vassmålar	400,-

8.2 Avgift kloakk

Gjeld for bustad- og fritidshus

(sjå eigen tabell for næring og kombinasjonseigedom)

Beskrivelse	Beløp
Fast abonnementsgebyr (fastledd)	2 045,-
Kloakk etter målar	19,23,- pr. m3
Kloakk etter stipulert forbruk ut frå eigedomens bruksareal (BRA x 1,2 = m3)	19,23,- pr. m3

Næring og kombinasjonseigedom for vatn og kloakk

Næringskategorier	Antall fastledd	M ³ lav	M ³ høg
Kategori 1	1	0	300
Kategori 2	3	301	1000
Kategori 3	6	1 001	2 000
Kategori 4	9	2 001	3 000
Kategori 5	12	3 001	6 000
Kategori 6	20	6 001	2 0000
Kategori 7	60	20 001	50 000
Kategori 8	100	50 001	150 000

8.3 Avgift slamtømming

Beskrivelse	Beløp
Slamtømming 4m3 tank	1 730,-
Tilleggsvolum pr. m3	320,- pr. m3

8.4 Avgift renovasjon

Beskrivelse	Beløp
1 søppelabonnement	4 090,-
Heimekompostering	-240,-
Fritidshus	2 045,-

8.5 Avgift feiing og tilsyn

Beskrivelse	Beløp
Pr. pipe feiing og tilsyn	435,-

9 TILKOPLINGSavgift VATN OG KLOAKK

9.1 Tilkopling for vatn

Beskrivelse	Beløp
Tikoplingsavgift for vatn pr. bueining	5 000,-

9.2 Tilkopling for kloakk

Beskrivelse	Beløp
Tikoplingsavgift for kloakk pr. bueining	5 000,-

9.3 Tilkopling hytter

Same satsar for tilkoplingsavgift som bustadhus.